



Statens vegvesen

Notat

Til: Hordaland fylkeskommune
Fra: Vegavdeling Hordaland
Kopi:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Kaisa Tonheim Banne/Erling Hodneland
Vår dato: 07.10.2015
Vår referanse:

Status for prosjekta i Kvammapakken

Dette notatet gir ein oversikt over status i prosjekta i Kvammapakken 25. april 2016.

I notatet legg ein til grunn anordningsprinsippet i rekneskap for første kostnader.


Innhold

Fv. 7 Øystese – Nes, Børvenestunnelen	2
Fv.49 Vikøy – Norheimsund.....	2
Fv.7 Nes – Norheimsund.....	3
Fv.49 Lingaparsellen.....	4
Fv.7 Kvamskogen gang- og sykkel	4
Fv. 7 Indre Ålvik–Ytre Ålvik, Bosstippen	4
Fv. 7 Skeianeset/Steinstøberget.....	5
Fv.7 Kryss Granvin, Kjerlandskrysset	6
Fv.7 Skarpavingen – Øystese aust	6
Oppsummering av tiltaka:	7

Fv. 7 Øystese – Nes, Børvenestunnelen

Prosjektet er ferdig og opna i 2011.

Tiltaket har kosta 160,9 mill. kr (løpende kroner) i åra 2009-2014.




Figur 1 Skisse av Øystese vest – Nes (Børvenestunnelen)

Det er bygd 1,2 km tunnel og ny veg i dagen på begge sider av tunnelen og gang- og sykkelveg. Det er bygd T-kryss og rundkøyring ca 70 meter fra tunnelopning på Øystese-sida.

Arbeid på Nes og kopling mellom ny og gammal veg mot Skipadalen vart gjort i 2014 under dette prosjektet (12,7 mill. kr). Arbeidet på denne delstrekninga er ferdig. Murar og lokalveg vart utbetra. Det vart lagt VA-leidningar samstundes.

Fv.49 Vikøy – Norheimsund

Prosjektet er ferdig bygd, så nær som mindre tiltak i Vikøy. Det er per i dag ikkje midlar i Kvammapakken til å gjennomføre tiltak i Vikøy.



Figur 2 Skisse Norheimsund - Vikøy

Tiltaket innebar opprusting av eksisterande veg samt avkøryslesanering. Det er bygd gang- og sykkelveg/fortau langs heile strekninga på vel 2,7 km frå Vikøy til Norheimsund.

Offisiell opning av strekninga skjedde juni 2014.

Sluttoppgjer for det som er bygd mellom Norheimsund – Vikøy er motteke. Prosjektet har hittil eit faktisk forbruk (i løpende kr) på om lag 169 mill.kr. Sluttoppgjeret for det som er ferdig bygd er konkret, men Statens vegvesen er ikkje samd i

motteke sluttoppgjer. Difor står det eit forbruk hittil på 184,2 mill. kr i rekneskapen. Tvisten har vore rettsleg prøvd og Statens vegvesen har fått fullt ut medhald. Dersom saka ikkje vert anka vil om lag 15 mill. kr kome til fråtrekk i rekneskapen i 2016.


Tiltaket som står att på Vikøy. I følgje rapport frå Atkins per 21.12.2015 vil dette koste 16 mill. kr (P50). Byggeplan for den siste delen er ferdig.

Fv.7 Nes – Norheimsund

Reguleringsplan er godkjent.

Det er planlagt gang- og sykkelveg og partivis utbetring av fylkesvegen. Heile strekninga er på 2,4 km frå Nes til Norheimsund, men er delt inn i tre byggetrinn:

- Delstrekning frå Nes – Skipadalen er ferdig bygd. Delstrekninga vart inkludert og gjennomført under prosjektet Fv. 7 Øystese – Nes, Børvenestunnelen (sjå ovanfor)
- Delstrekning frå Skipadalen – Evighetssvingen er under bygging og venta ferdig vår 2017.
- Delstrekning frå Evighetssvingen – Norheimsund vert prosjekt no, klart til utlysing hausten 2016 og venta ferdig 2017



Figur 3 Skisse av Nes - Norheimsund

Eit grovt kostnadsoverslag for strekninga Fv. 7 Skipadalen - Norheimsund er på 148 mill.kr (gjeld bygging og prosjektering). Kostnadsanslag i rapporten til Atkins er på 157 mill. kr (P50)

Siste delstrekning frå Evighetssvingen til Norheimsund er no klar til prosjektering. Konkurransegrunnlag skal verte ferdig hausten 2016. Tiltaket er vanskeleg å bygge etter reguleringsplan. Skal ein bygge etter reguleringsplan vil totalkostnadane på Nes - Norheimsund verte høgare enn kostnadsoverslag på 148 mill. kr. Det er registrert meir lausmasse og leire i området. Dette gir auka kostnadane knytt til grunnundersøking og prosjektering, utfylling og meir komplisert mur og plastringsarbeid. Det er muleg å prosjektere enklare løysing med fortau. Dette vil truleg kunne halde kostnadane innafor det siste kostnadsoverslag. Det er sendt søknad om å senke fartsgrensa for å kunne bygge fortau. Fortau vil verte like breie som ein gang- og sykkelveg, men ein vil då ha ein kant direkte på fylkesvegen i staden for ein rabatt på 1 meter.

Det var planlagt å køyre overskotsmassane frå dette prosjektet til delprosjektet på Kvamskogen. Sidan det siste kostnadsoverslaget er så høgt, har vi førebels stoppa denne køyringa.


Fv.49 Lingaparsellen

Tiltaket er ferdig bygd.

Prosjektet innebar at eksisterande veg på ca 1 km skal utvidast til tofelts veg. Det vart bygd fire busslommer. Totalt kosta Lingaparsellen ca 31 mill. kr inkl. mva (løpende kr). Det kjem noko rekningar i 2016 til restkostnadar/grunnerverv.

Fv.7 Kvamskogen gang- og sykkel

Reguleringsplan for prosjektet er ferdig og godkjent. Det er per i dag ikkje midlar i Kvammapakken til å starte prosjektet.



Figur 4 Skisse av Kvamskogen gang- og sykkel

Prosjektet inneber bygging av gang- og sykkelveg langs fv. 7 til frå Ungdomsheimen til NAF-kiosken på Kvamskogen. Omfanget er 2,4 km.

Det er allereie lagt noko steinmassar langs traseen. Det er medgått vel 2,9 mill. kr til prosjektet så langt.

Det er vurdert å køyre massar frå prosjektet Skipadalen-Norheimsund til Kvamskogen, men sidan det nye kostnadsoverslaget for Kvamskogen er høgt vil vi vente med på starte med dette.

Det er gjennomført geotekniske undersøkingar på strekinga. På bakgrunn av dette har vi fått eit godt oversyn over grunnforholda i traseen. Grunnforholda er svært dårlig og mykje dårligare enn venta. Dersom vi skal gjennomføre gs-vegen, må vi samstundes utbetre vegen pga dei dårlige grunntilhøva. I Anslaget for gs-vegen er det teke omsyn til dette. Difor vert kostnadane no rekna til 225 mill.kr. Anslaget i rapporten til Atkins er 240 mill. kr (P50).

Vi har hatt geoteknikare inne for å vurdere fyllingen i veglinjen og desse har konkludert med at det må nyttast store mengder med lette fyllmasser. Dette er sers kostbart og vil også medføre at ein ved flaumsituasjonar vil få uheldige tilhøve for vegen. I samband med Anslaget er det vurdert å flytte veglinja, slik at denne ligg på fast grunn. Dette vil medføre at vi må rive mange hytter, så her vil vinninga gå bort i auka meirkostnader med erstatning.

Arbeidsgruppe med representanter fra Hfk, Svv og Kvam Herad arbeider med løysingsforslag for ei tiltakspakke som må gjennomførast for å innfri rekkefølgekrav i KDP.

Fv. 7 Indre Ålvik–Ytre Ålvik, Bosstippen

Det er godkjent reguleringsplan for tiltaket. Det er per i dag ikkje midlar i Kvammapakken til gjennomføring.

Tidlegare har vi skreve slik om prosjektet:

Prosjektet omfattar utbetring av ei svært smal strekning på 200 meter der det har vore fleire ulukker. På grunn av svært vanskelege fjellforhold har tidlegare kostnadsoverslag hatt ein usikkerheitsfaktor på + 50 %. Det er gjort nye geologiske undersøkingar av tiltaket. Nytt kostnadsoverslag er på vel 38,5 mill. kr (2014-kr).

Dette inneber ei løysing med skjeringar på oppside av vegen. Anbefaling frå geolog er å gjere sikringstiltak på ei lengre strekning enn den som er regulert. Dette vil eventuelt doble prisen.

Det er kompliserte tiltak som er kostnadsrekna. Svv har ein konsulent til å sjå på ei alternativ løysing med å legge fylling med mur/bru på utsida av eksisterande veg. Ei slik løysing vil være enklare å gjennomføre og vil truleg koste mindre. Konsulenten er ikkje ferdig med arbeidet, men har varsle at den enklare løysinga vil koste ein stad mellom 10 og 15 mill. kr. Konkurransegrunnlag kan være klart før sommaren 2015. Vi må sjå an behovet for stengingar ved gjennomføring av dette prosjektet i forhold til pågående prosjekt på Fv 7 i Granvin kommune, før vi kan konkludere at tiltaket bør lysast ut i år.

Vi har arbeidet vidare med å få til ei alternativ løysing som er nemnd i avsnittet over. Dette medfører at vi lager nye murar på utsida av vegen i staden for å gå på innsida og få ein høg skjering. Det er dette som er lagt til grunn for Anslaget som er gjennomført i september 2015. Det viser seg at kostnadane er 46,4 mill.kr og vesentleg høgare enn det som er antyda tidlegare. Vi vil likevel rá til at denne strekninga vert gjennomfør med denne nye løysinga. Det går ikkje an å gjere mindre tiltak her. Kostnadsanslaget i rapporten til Atkins er 50 mill. kr (P50).

For å gjennomføre denne løysinga, må den vedtekne reguleringsplanen reviderast.

Fv. 7 Skeianeset/Steinstøberget

Reguleringsplan er ferdig. Statens vegvesen rår til å ikkje gjennomføre tiltaket som planlagt. Det er ikkje midlar i Kvammapakken til å gjennomføre tiltak her.

Prosjektet omfattar utbetring av ei svært smal strekning på 350 meter, der det har vore fleire ulukker. Terrenget er krevjande og kostbart å arbeide i og ein reknar med store kostnader til sikringsarbeid. Det er svært vanskeleg fjellforhold på staden.

Det er gjort kostnadsoverslag av tiltaket. Dette vil koste om lag 65,7 mill. kr (2014-kr). Samtidig viser det seg at tiltaket som er skissert er svært komplisert og usikkert. Det må sprengast vekk store skjeringar. Det er usikkert kva som vil skje med fjellet og ura bak skjeringa. Sprenginga kan føre til ras som kan øydeleggje vegen. Dersom dette skjer vil kostnadane med prosjektet gå opp og ein kan risikere langvarig stenging av Fv 7.

Det er gjennomført ein risikovurdering av tiltaket over. Vegvesenet vil legge fram eit eige notat der vi tilrår at tunnelløysinga som ligg inne i Rassikringsplan for Hordaland er den riktige løysinga.


Fv.7 Kryss Granvin, Kjerlandskrysset

Det er utarbeida reguleringsplan for Kjerlandskrysset. Det er ikkje midlar i Kvammapakken til å gjennomføre tiltak i krysset.

Det var planlagt å bygge omstigningsplass for bussar i tilknytning til Kjerlandskrysset mellom fv. 7 og rv. 13. Hittil er det brukt 3,9 mill. kr til kollektivterminal i Granvin sentrum som vil avlaste Kjerlandskrysset. Det er sett av midlar i budsjettet 2016 til å ta i mot fyllmassar frå Jobergtunnelen. Men det er per i dag ikkje meir midlar i Kvammapakken til å gjennomføre dette tiltaket. Difor er det satt på vent.

Fv.7 Skarpavingen – Øystese aust

Strekninga er delt i to planprosjekt på grunn av arkeologiske funn. Det er godkjent reguleringsplan for Laupsa – Øystese Aust. Det manglar reguleringsplan for Skarpasvingen. Det er per ikkje midlar i Kvammapakken til å gjennomføre heile tiltaket.



Figur 5 Skisse av Skarpasvingen – Øystese aust

Prosjektet inneber opprusting av eksisterande veg frå Skarpasvingen via Laupsa til Øystese aust. Lengda er ca 2,1 km. Det er planlagt fortau på strekninga Laupsa – Øystese aust.

Mellom Laupsa og Laupsaneset vil vegutvidinga hovudsaklig koma på innsida ved skjæring og sprenging. Vidare vestover vil vegutvidinga kome som fylling på utsida.

Eit grovt kostnadsoverslag for heile strekninga antyder kostnader på 160 mill. kr (2014-kr).

Ein reknar på nye kostnadsoverslag på strekninga mellom Laupsa – Øystese aust på 80,4 mill.kr. Kostnadsanslaget i rapporten til Atkins er vesentleg høgare, 138 mill. kr (P50). For Laupsa- Skarpasvingen er kostnadsanslaget på 196 mill. kr (P50).

Ein utbetrar no vegen og bygger fortau på 3-400 m bak sjøfyllinga på Stronde (mellan Laupsa og Øystese aust). Dette er mindre tiltak knytt til bustadområde som er naudsynt å få gjennomført før bustadområdet vert lagt ut for sal. Totalt er det venta eit forbruk på denne strekninga på om lag 26 mill. kr inkludert planlegging/prosjektering. Vi reknar med at dette arbeidet er ferdig til sommaren 2016. Salgsprisen på bustadsområdet vil kome til fråtrekk på rekneskapen og soleis redusere totalkostnadane på dette prosjektet.

Oppsummering av tiltaka:

Prosjekter	Status	Kommentar
Fv 7 Øystese – Nes (Børvenestunnelen)	Ferdig bygd	
Fv 49 Vikøy – Normheimsund	Nesten ferdig bygd	Står att tiltak i Vikøy (16 mill. kr). Ventar avklaring på eventuell anke i dom i dag.
Fv 7 Nes – Norheimsund	Bygging pågår	Bygging pågår på delstrekning Skipadalen - Evighetssvingen. Delstrekning Evighetssvingen - Norheimsund klar for utlysning haust 2016
Fv 49 Lingaparsellen	Ferdig bygd	Mindre restkostnar i år
Fv 7 Kvamskogen	Reguleringsplan	Arbeidsgruppe satt ned, løyse rekkefølgekrav
Fv 7 Indre Ålvik – Ytre Ålvik (Bosstippen)	Reguleringsplan	
Fv 7 Skeianeset/Steinestøberget	Reguleringsplan	Svv fraråder planlagt løysing. Eventuelt tiltak må være tunnel bak i tråd med rassikringsplan
Fv 7 Granvin, Kjerlandskrysset	Reguleringsplan	Gjort utbetring for buss nærmere Granvin sentrum. Fylling ved krysset er satt på vent.
Skarpasvingen – Øystese aust	Reguleringsplan	Arbeid pågår, utbetring av veg og fortau, på liten del av strekninga (Stronde)

Status økonomi

Tabell 1 Forbruk i løpende kr 2009-2015 – etter anordningsprinsippet (i 1000 mill. kr)

Fylkesvegmidler – Forbruk og gjenstående midlar									
	2009	2010	2011	2012	2013*)	2014	2015	2016	2017
Øk ramme – oppjustert med priser	44 000	47740	48090	54598	88732	71588	58604	36506	17346
Forbruk – anordningsprinsippet	-2260	2 330	-5021	14679	18822	14690	23162	19500	
Gjennstående ramme	46260	45410	53111	39919	69910	56898	35442	17006	
Bompenger – forbruk og gjenstående midlar									
	2009	2010	2011	2012	2013*)	2014	2015	2016	2017
Øk ramme – oppjustert med priser	396 000	404 544	380 757	297 356	258 646	133 576	88144	71012	26277
Forbruk – anordningsprinsippet	4 000	45 000	91 500	46 000	128 200	48 000	19 200	45 500	
Gjennstående ramme	392 000	359 544	289 257	251 356	130 446	85 576	68 944	25 512	
Gjenstående ramme totalt	438 260	404 954	342 368	291 275	200 355	142 474	104 386	42 518	43 623